



### 3 Fellesutgifter - fellesinntekter

#### Fellesutgifter - fellesinntekter omhandlar fylgjande tenesteområde:

På dette ansvarsområdet blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikke kan knytast opp mot enkelte einingar eller stab. Døme på dette er:

- Felles personaltiltak / arbeidsmiljø
- Generelle arbeidsmiljøtiltak
- Diverse fellesfunksjonar:
  - Felles IT program, maskinvare og serviceavtaler.
  - Felles datakommunikasjon
  - Telefon og telefax
  - Frankering – porto
  - Kontingent til KS
  - Felles pensjonsutgifter/inntekter - premiefond.
  - Premieavvik blir samla her frå 2011.
  - Løn til lærlingar
  - Løn til hovudtillitsvalde og hovudverneombod
  - Utgifter til bedriftshelseteneste

#### Drift

Alle tal i heile 1 000

Tenester	3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2023	2023	2023	2022
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 202	1 505	1 505	1 798
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	457	363	363	286
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	12 312	10 229	10 229	12 486
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	11	-	-	99
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	- 8 668	- 11 000	- 11 000	- 23 147
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	- 4 024	- 504	- 504	- 731
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	8 737	6 603	6 603	6 158
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	215	180	180	259
1720	PENSJON	182	-	-	177
1730	PREMIEFOND	- 41 254	-	-	- 27 776
1800	DIVERSE FELLESUTGIFTER	18	684	684	16
2110	BARNEHAGE	185	535	535	166
2120	GRUNNSKOLE	70	238	238	225

	3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Tenester		2023	2023	2023	2022
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	126	268	268	220
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	147	-106	-106	-178
2546	GISKE OMSORGSSENTER	348	628	628	451
2548	BUFELLESSKAP FUNKSJONSHEMMA	253	263	263	150
	Sum andre tenester knytt til årets avregning pensjon	29 548	-	-	22 669
<b>Sum gruppeansvar: 3 FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER</b>		<b>- 135</b>	<b>9 886</b>	<b>9 886</b>	<b>- 6 672</b>

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk på kr 9,7 mill.kr.

Det er eit meirforbruk i ansvar 1300 Felles drift og dei største avvika finn ein i teneste 1240 Diverse fellesfunksjonar - med eit meirforbruk på 2 mill kr. Meirforbruket på tenesta stammar i stor grad frå utgifter til datakommunikasjon, lisensar og serviceavtalar. Med auka grad av digitalisering er dette ein kostnad som aukar på alle områder.

Ved budsjetteringa vart deler av utgiftene til auka tal flyktninger lagt til denne ramma med kr 6 283 000 til fordeling til andre rammeområde ved behov. Av dette er 5 mil.kr fordelt til andre rammeområde i budsjettendring gjennom året.

Pensjonskostnadane vert ført etter budsjettet prosentsats på rammeområda, dette gjer at det på einingsnivå blir lettare å følgje pensjonskostnaden og endringar i denne kjem som følge av endringar i løn og ikkje som følge av premieavvik, amortisering og bruk av premiefond- dette ligg no i si heilheit i ramme 3 og også avrekninga på slutten av året blir ført i ramme 3.

Pensjonskostnadane medførte at rammeområdet fekk eit mindreforbruk på 9,7 mill.kr.

Giske kommune gjorde i 2022 endring i pensjonsportefølja og har no portefølje med investeringsval. Dette frigjorde 50 mill.kr som vart tilført premiefondet. Midler på premiefond kan berre brukast til framtidig premiebetaling, og Giske kommune brukte 41,2 mill.kr av premiefondet for å dekke premieinnbetalingar i 2023.

Premieavvik vert budsjettet som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ei utgift på kr 983 000. Premieavviket i KLP var budsjettet som inntekt med 11 million kroner, medan det vart 8,7 million kroner. Bruk av premiefond som aukar premieavviket vil kome som ei utgift gjennom amortiseringa (avdrag) dei neste 7 åra. Bruk av premiefond vart 41,2 mill. kr og var ikkje budsjettet. Begge deler må ein sjå i sammenheng med auken i pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, ser ein kommunen under ett vart det eit samla mindreforbruk på 5,4 million kroner for pensjonskostnadane som kjem hovudsaklig frå bruk av premiefond og premieavvik. Ser ein løn, sjukeløn og pensjonskostnader samla for alle rammeområda (heile kommunen) er der eit mindreforbruk på ca 2,4 million kroner.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapen og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønnsnivået ved utgangen av året.

Dei øvrige tenestene gjeld stort sett lærlingløn for heile kommunen. Avvika kjem av at den faktiske fordelinga av lærlingane vart ulik den budsjetterte.

## Kostra

Kostra funksjon		2023	2023	2022	2022	2021	2021
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1
180 Diverse fellesutgifter	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	5	79	5	71	2	-116
170 Årets premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	-1 468	-6 003	-2 747	-1 979	-240	-2 298
171 Amortisering av tidligere års premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	1 030	1 537	738	1 543	951	1 188
172 Pensjon	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	33	23	44	-41	29	22
173 Premiefond	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	-4 743	-1 885	-3 192	-2 377	-3 428	-2 051

